

## MØTEBOK HALLINGTINGET

**TID:** 3.5.2019  
**STAD:** Hemsedal, Fausko skysstasjon

### Desse møtte på Hallingtinget:

<b><u>Hol kommune</u></b> Petter Rukke Sigrid Simensen Ilsøy Nina Dalen Matias Eide Sataøen Petter Braaten	<b><u>Hemsedal kommune</u></b> Oddvar Grøthe Kjell Erik Skølt Olav Støyten Steinar Bleken
<b><u>Ål kommune</u></b> Solveig Vestenfor Torhild Helling Bergaplass Anne Vetteren Grøthe Dagfinn Bøygard Anne Kjersti Frøyen	<b><u>Nes kommune</u></b> Tore Haraldset Frode Åslid Geir Garthus Endre Storhaug Nils Rodegård
<b><u>Gol kommune</u></b> Heidi Granli Helge Feet Leif Norhaug Herbrand Jegleim	<b><u>Flå kommune</u></b> Tor Egil Buøen Kristian Akervold Jostein Mæhlum Merete Elisabeth Høntorp Gandrud

**Av rådmennene møtte:** Ole Johnny Stavn, Hol kommune Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune, Hege Mørk, Gol kommune, Jan Olav Helling, Hemsedal kommune, Henrik Skovly, Nes kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

**Administrasjon Regionrådet**  
Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

**Frå Buskerud fylkeskommune møtte:** Anne Sandum og Iselin Haugo, fylkeskontakt  
Sissel Kleven, regionkontakt

---

Rådsordførar Oddvar Grøthe opna Hallingtinget

### **SAK 01/19 REKNESKAP 2018**

#### **Vedtak**

1. Hallingtinget godkjenner rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2018 med revisoruttale, og at underskot på kr. 70.403,35 blir teke frå disposisjonsfondet.
2. Med bakgrunn i at det no er oppdaga at overskotet for 2017 var for høgt p.g.a. feilføring av renteinntekter med kr 62.348, skal kr 62.348 kostnadsførast i 2019 og finansierast med bruk av disposisjonsfond.

## SAK 02/19 ÅRSMELDING 2018

### Vedtak

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2018.

## SAK 03/19 STRATEGISK PLAN, HANDLINGSPROGRAM 2019

### Vedtak

Hallingtinget vedtek handlingsprogram 2019 til Strategisk plan for Hallingdal, datert 10.4.2019 med følgjande justering:

- Tiltak 22, Felles plan og innsats for realisering av prioriterte gangvegar skal prioriterast i 2019.

## SAK 04/19 VIDAREUTVIKLING AV HALLINGHELSE

### Vedtak:

1. Hallingtinget tek rapporten «Vidareutvikling av Hallinghelse» til orientering.
2. Hallingtinget tilrår at felles saksutgreiing om vidareutvikling av Hallinghelse vert handsama politisk i kommunane med bakgrunn i følgjande skisse, pkt.3:
3. a) Kommunestyret gjev si tilslutning til ei vidareutvikling av Hallinghelse i tråd framlagt rapport. Ein ber administrasjonen iverksetje dei tiltak som ikkje er omtala som kostnadskrevjande.
- b) Kommunestyret vedtek at kommunen frå 1. jan 2020 går inn som deleigar av Hallinghelse organisert i samsvar med ny kommunelov som eit kommunalt oppgåvefellesskap. Kommunen sine eigedelar og økonomiske ansvar samsvarar med folketalsfordelinga i Hallingdal. Kommunestyret ber administrasjonen inngå dei nødvendige avtaler.
- c) Hallinghelse vert frå 1. jan. 2020 vidareført med 2,5 faste kjernestillingar (1,0 ny stilling som dagleg leiar og vidareføring av tre halve rådgjevarstillingar). Dei tenesteytande stillingar som allereie er innarbeidd i driftsbudsjetta, vert vidareført. Dette gjeld deltidstillingar for logoped (25 %), klinisk ernæringsfysiolog (60 %), koordinator for veiledningsteam autisme (20 %) og ei fullfinansiering av velferdsteknologiprojektet med kr. 200'. I tillegg vert det oppretta ei fast 60 % stilling som koordinator for læring og meistring, der Hallinghelse skal søke mest mogeleg dekning av kostnadane gjennom prosjektmidlar.
- d) Hallinghelse vert bedt om å utgreie nærare gevinstane med felles kommuneoverlege og innhente vurderingar frå kvar enkelt kommune på tiltaket.
- e) Det vert for 2020 sett ei netto budsjettramme for Hallinghelse på 3,5 mill. For seinare år skal budsjettrammer og eventuelle nye tiltak vedtakast i representantskapet for Hallinghelse. Ei slik budsjettramme for 2020 gjev fylgjande fordeling av utgifter / meirutgifter på kommunane i Hallingdal:

	Hallingdal	Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nes	Flå
Budsjetterte bruttoutgifter 2019	2.724'	565'	732'	571'	306'	416'	134'
<b>Netto meirkostnad «nye Hallinghelse» 2020</b>	<b>776'</b>	<b>194'</b>	<b>63'</b>	<b>209'</b>	<b>118'</b>	<b>147'</b>	<b>45'</b>
Sum utgifter 2020 fordelt på kommunane	3.500'	759'	795'	780'	424'	563'	179'

- f) Miljøretta helsevern Hallingdal vert styrka med 0,5 stilling frå 01.08.2019, der ein del av kostnaden vert finansiert gjennom sal av tenester. Dette gjev fylgjande fordeling av meirutgifter på kommunane i Hallingdal for 2020:

Hallingdal			Fordeling på kommunane					
Meirkostnad 0,5 st.	Sal av tenester	Netto kostnad	Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nes	Flå
376'	231'	145'	32'	33'	32'	18'	23'	7'

4. Før handsaming i dei einskilde kommunane får Regionrådet/rådmannsutvalet fullmakt til arbeide vidare med skisse pkt. 3. Regionrådet for Hallingdal skal handsame saka 30.8.2019, før den blir sendt kommunane for handsaming.

### **SAK 05/19 VIKEN, UTVIKLINGSKONTOR/INNOVASJONSKONTOR**

Regionrådet for Hallingdal har utarbeida eit grunnlagsdokument, Viken – avd. kontor Hallingdal. Utgangspunktet her er kva rolle/oppgåver kan/vil Hallingdal ta som region i Viken fylkeskommune? Er det områder der Hallingdal kan ha eit visst «sjølvstyre»?

I tillegg har fellesnemnda for Viken bestilt ei analyse av kommuneregionar og regionrådsstruktur i Viken, som vil kunne ha noko å seie i forhold til Hallingdal sine planar for eit distriktskontor. Her skal det m.a. gjerast eit arbeid i forhold til:

- Analyse av moglege framtidige kommuneregionar og regionråd i Viken, m.a. sett i lys av pågåande kommunesamanslutningar
- Fagleg tilråding av framtidig løysing
  - Geografisk inndeling (struktur)
  - Organisering av regionråd (rolle, oppgåver, mynde, representasjon m.a.)
  - Arbeidsform/dialogform mot fylkeskommunen

Hallingtinget såg det som naturleg å halde fast ved Hallingdal som ein tydeleg og velfungerande region. I forhold til samarbeid mot andre regionar vil det m.a. kunne vera naboregionar, men det vil og vera viktig å bygge opp under andre arenaer for samarbeid, som t.d. Fjellnettverket.

Grunnlagsdokument, Viken – avd. kontor Hallingdal skal det arbeidast vidare med.

### **SAK 06/19 IKT Hallingdal**

Følgjande frå IKT deltok i saka:

- Erling Torkelsgard, dagleg leiar IKT Hallingdal
- Anders Fjøsne Løvhøiden, sikkerhetsansvarleg, IKT Hallingdal Drift
- Knut Jakob Larsen, IKT Koordinator, Regionrådet for Hallingdal

Hallingtinget fekk ei god innføring i datatryggleik og utfordringar i forhold til dette, drift og litt om framtida med utfordringar og moglegheiter. Vedlagt presentasjon.

Ål 10.5.2019  
Rett utskrift

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg:

Sak 02/19, presentasjon arbeidet i Regionrådet

Sak 05/19, presentasjon

Sak 06/19, presentasjon IKT Hallingdal